

---

Saksnr: 2021/21791-1  
Saksbehandlar: Else-Marie Brobakke Aarø

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		22.06.2021

## Handlingsprogram folkehelse 2022-2025 - prosessak

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet sluttar seg til prosjektmål for arbeidet med nytt handlingsprogram for folkehelse: «Handlingsprogram for folkehelse 2022-2025 skal utviklast som Vestland sitt felles strategiske gjennomføringsdokument for folkehelsearbeidet».
2. Fylkesutvalet støttar at fylkesrådmannen i framlegg til vedtak av handlingsprogrammet i mars 2022, legg fram forslag til mindre justeringar av ordlyden i delmåla 3.4 og 3.6. Og endrar ordlyd i delmål 1.4 frå «*Hordaland skal vere eit universelt utforma samfunn i 2025*» til «*Vestland skal vere eit universelt utforma samfunn*».
3. Fylkesutvalet sluttar seg til å prioritere tiltaksutvikling innanfor tolv felles delmål frå dei to regionale planane for å målrette arbeidet.
4. Fylkesutvalet støttar at fem innsatsområde vert gjennomgåande tema som skal vektleggast for å følge opp dei prioriterte delmåla i tiltaksutviklinga:
  - Kunnskapsbasert folkehelsearbeid
  - Sosial ulikskap i helse
  - Gode, trygge og deltakande nærmiljø/lokalsamfunn
  - Dei demografiske endringane i Vestland og ei aldrande befolkning
  - Barn og unge - livskvalitet og (psykisk) helse

SamandragArbeidet med å utvikle nytt og meir strategisk retta handlingsprogram for folkehelsearbeidet i Vestland for perioden 2022 - 2025 er starta opp i tråd med utviklingsplanen. Handlingsprogrammet skal styrke gjennomføringa av dei to regionale folkehelseplanane ved god kopling mellom mål og tiltak. Dette notatet legg grunnlaget for drøftingar i fylkesutvalet for å gje retningsgjevande og strategiske rammer for det nye handlingsprogrammet. Handlingsprogrammet er planlagt lagt ut til offentleg høyring i møte i fylkesutvalet i november 2021, og med endeleg vedtak i fylkestinget i mars 2022.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Paal Fosdal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Fylkesutvalet som prosessorgan

Etter vedtak i sak PS 111/2020 har fylkesutvalet overteke rolla som planutval. Fylkesrådmannen legg fram saka om revisjon av handlingsprogram for folkehelse for Fylkesutvalet for å sikre politisk vurdering knytt til retningsgjevande og strategiske føringar. Saka er fyrste politiske sak om arbeidet med nytt handlingsprogram for folkehelsearbeidet 2022 -2025 i Vestland.

### Bakgrunn for saka

Etter Utviklingsplan for Vestland 2020 - 2024 skal dei to regionale planane for folkehelse, Hordaland 2014 - 2025 og Sogn og Fjordane 2015 - 2025, vidareførast i inneverande planperiode.

Det første

felles handlingsprogrammet for folkehelsearbeidet i Vestland skal vere meir strategisk innretta med auka vekt på gjennomføring og vise god kopling mellom mål og tiltak. Det er særleg viktig å styrke samordninga i offentleg sektor, fremje samarbeid mellom ulike sektorar og stimulere til innovasjon og nyskaping i folkehelsearbeidet.

### Dei regionale planane for folkehelse

Folkehelsearbeidet i fylket skal bidra til å skape eit samfunn som fremjar god helse for alle innbyggjarane, med særleg merksemd på barn og unge og på utjamning av sosial ulikskap. Erfaringane med dei regionale planane er at dei har vore viktige for å løfte den sosiale dimensjonen av berekraft og folkehelseperspektivet fram i samfunnsutviklinga i begge fylka. Innsatsområda i dei regionale planane er dels overlappande, og er knytt opp til at innsats i ulike samfunnssektorar har stor påverknad på helsetilstand og fordeling av helse i befolkninga. Planane har til saman fem hovudmål og rundt seksti dels overlappande delmål/innsatsområde, i tillegg kjem strategiar. Dei regionale folkehelseplanane kom i 2014 og 2015. I åra etter har det kome til mykje kunnskap innanfor folkehelsefeltet både nasjonalt og ikkje minst lokalt for vår region. VLFK set no på mykje informasjon, kunnskap og erfaringar som skal nyttast i revisjonsarbeidet.

Dei regionale planane finn de her; <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/regional-planlegging/regionale-planar/>

### Tilhøve til andre planar

Nokre viktige regionale planar for folkehelseiltak er (lista er ikkje uttømmende):

- Regional transportplan (pågåande planprosess).
  - Regional plan for kompetanse og arbeidskraft 2017-2030
  - Regional plan for attraktive senter i Hordaland - senterstruktur, tenester og handel 2015-2026.
  - Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv (pågåande planprosess).
  - Regional klimaplan (pågåande planprosess).
  - Regional plan for innovasjon og næring (pågåande planprosess).
  - Temaplan: for Vestland tannhelsetjeneste.
  - Temaplan: «Førnye og Forbetre - Auka gjennomføring».
- Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune 2021-2025.

Fagavdelingane i Vestland fylkeskommune har ulike verkemiddel for å fremje folkehelse etter *helse i alt vi gjer prinsippet*.

Etter utviklingsplanen skal folkehelseomsyn innarbeidast i regionale planar, temaplanar og strategiar.

Fleire regionale planar, temaplanar og strategiar er under utvikling, noko som gjev høve til å sjå koplingar innanfor folkehelsearbeidet på tvers av fagavdelingar.

### Oversikt over pågåande arbeid med utvikling av nytt handlingsprogram



### Organisering av arbeidet

Nytt handlingsprogram for folkehelse i Vestland er planlagt vedteke i fylkestinget i mars 2022. Arbeidet er starta opp vinter/vår 21 med fylkesdirektør for Strategisk utvikling og digitalisering som prosjekteigar og seksjonssjef Plan, klima og folkehelse som prosjektleder. Ei intern prosjektgruppe, og folkehelsevingen skal sikre framdrift og samarbeid, internt og eksternt. Prosjektplan er utvikla.

### Medverknad og innspelsprosessar

Etablerte samarbeidsnettverk og møteplassar vert nytta i dei innleiande dialogprosessane. Det er

gjennomført/er under planlegging orienteringar til dei fylkeskommunale medverknadsorgana. Notat om oppstart har vore lagt fram for toppleiargruppa. Det er tenkt høyringsmøte og høyring i november - desember 2021.

*Internt folkehelsenettverk:* Folkehelseringen internt er ressursmiljø i heile utviklingsprosessen, og bindeledd til fagavdelingane som har verkemiddel på utvikling av folkehelseiltak.

*Eksterne folkehelsenettverk:* Folkehelseforum Vestland: Breitt samansett samarbeidsorgan for å bidra til strategisk utviklingsarbeid på folkehelseområdet i Vestland, og folkehelsenettverket kommunane med folkehelsekoordinatorar/folkehelsekontaktar.

### Drøftingspunkt/avklaringspunkt for utvikling av eit meir strategisk handlingsprogram

I innleiande fase av revisjonsarbeidet er det gjennomført eigenvurdering av dei regionale planane. Vurderinga er gjort i lys av nytt lokalt kunnskapsgrunnlag - særleg folkehelseoversikt for Vestland - og gjev eit godt grunnlag for vurdering av behov og tiltaksutvikling. Utviklingsplanen løftar inn innsatsområde som ikkje er dekkja av dei regionale planane. Innsats retta inn mot berekraftsmåla og sosial berekraft er også sentralt.

- 1) Utvikle handlingsprogram for folkehelse til overordna strategisk gjennomføringsdokument for folkehelsearbeidet i Vestland.
- 2) Vurdere justeringar av ordlyd for nokre delmål.
- 3) Målrrette folkehelseinnsats ved å prioritere tiltaksutvikling innanfor utvalde delmål.
- 4) Prioritere strategiske innsatsområde som gjennomgåande tema for å følge opp delmåla i tiltaksutviklinga.

Gjennomførte faglege aktivitetar for eit meir strategisk handlingsprogram pr. mai 21.

- Eigenvurdering knytt til status på gjennomføring av dei regionale planane med handlingsprogram er utført.
- Det er identifisert aktuelle delmål som grunnlag for meir målretta tiltaksutvikling.
- Det er identifisert fem innsatsområde for styrka innsats i tiltaksutviklinga .
- Det er utvikla arbeidsmetodikk for kunnskapsbasert utvikling av tiltak - med prinsipp for tiltaksutvikling.

#### 1. *Utvikle handlingsprogram for folkehelse til overordna strategisk gjennomføringsdokument for folkehelsearbeidet i Vestland.*

Førebels prosjektmål for revisjonsarbeidet er: «Handlingsprogram for folkehelse 2022-2025 skal utviklast som Vestland sitt felles strategiske gjennomføringsdokument for folkehelsearbeidet». Forslaget til prosjektmål er lagt fram administrativt for toppleiargruppa i mars 21, og med støtte til forslaget. Innrettinga i dei regionale folkehelseplanane - både temaområde, mål og strategiar - er tett kopla til innsatsområde i andre relevante regionale planar. Skal handlingsprogrammet syne den felles samla innsatsen for folkehelsearbeidet i Vestland betyr dette avklaringsknutt til «dobbelføring» av folkehelseiltak. Ein måte å løyse dette på er at meir strategiske folkehelseiltak i tillegg til i fagavdelingane sine handlingsprogram, også vert reflektert i handlingsprogram for folkehelse, der det går fram kva fagavdeling som har ansvar for gjennomføring av tiltaket. Revisjonen må likevel ta omsyn til vurdering av kva tiltak som står i fylkeskommunen sine tiltaksplanar, kva tiltak som skal inngå i andre handlingsprogram, og kva tiltak av regional verdi som skal «dobbelførast» og løftast inn handlingsprogram for folkehelse. Det er eit mål også å få til samarbeidstiltak i fylket.

#### 2) *Vurdere justeringar av ordlyd for nokre delmål*

Gjennomgangen av planane viser at nokre delmål treng justerast enten på grunn av nye nasjonale føringar eller nyare målformuleringar i andre regionale planar. Døme på dette er: *80 prosent av elevane skal gjennomføre vidaregåande opplæring på fem år* (Delmål. 3.4). Her er det nye nasjonale føringar som vil påverke formuleringa av delmålet gjennom meld. St. 21 (2020-2021). For delmålet: *80 % av barn og unge skal gå eller sykle til skulen (delmål 3.6)* kjem nye målformuleringar som del av arbeidet med regional transportplan knytt til arbeidet med strategi for mjuke trafikantar. Nytt delmål her er: 80% av elevar utan ordinær skuleskuleskyss skal gå eller sykle til skulen. Avstandsulempene for å bu i distriktet skal reduserast.

Fylkesrådmannen finn også at dei to regionale folkehelseplanane treng «samordnast» på området universell utforming. Grunngevinga er at universell utforming har ulik vekt i dei to regionale planane. Den regionale planen for Hordaland erstatta tidlegare fylkesdelplan for universell utforming 2006-2009, og inneheld derfor eige delmål med mange strategiar for dette innsatsfeltet. I planen for Sogn og Fjordane er universell utforming nemnt i strategi/iltak, men mindre synleg. Det

kjem ny nasjonal handlingsplan for universell utforming i løpet sommaren 2021, som kan gje nye føringar på feltet. Regional plan for folkehelse Hordaland har formuleringa *Hordaland skal vere eit universelt utforma samfunn innan 2025* (delmål 1.4). Fylkesrådmannen rår til at vedtak av handlingsprogrammet i mars 2022 vert dette delmålet endra til *Vestland skal vere eit universelt utforma samfunn*. Fylkesrådmannen rår også til at årstal vert teke bort frå delmålet då universell utforming er eit omfattande innsatsområde, og sluttårstal ikkje lenger er står i nasjonale handlingsplanar.

### 3) Målrette folkehelseinnsats ved å prioritere tiltaksutvikling innanfor utvalde delmål

Bestillinga i utviklingsplanen er tydeleg på at det nye handlingsprogrammet skal bli meir strategisk retta med auka vekt på gjennomføring og vise god kopling mellom mål og tiltak. Eigenvurderinga av planane opp mot kunnskapsgrunnlaget syner at på nokre delmål har det vore gode resultat. Gjennomgangen syner også at på andre område er det trong for styrka innsats. Fylkesrådmannen vurderer at for å gjere handlingsprogrammet meir strategisk retta og styrke gjennomføringa, er det hensiktsmessig å knyte innsatsen til dei delmåla der det kan hentast ut størst gevinstar. Derfor er det førebels identifisert tolv delmål frå dei to regionale planane til vidare oppfølging. Dette talet kan bli justert i det pågåande utviklingsarbeidet.

Eit av desse delmåla er innsats retta inn mot færre skader og ulukker (delmål 2.4 HORD) og hovudmål 2: Utvikle gode system og rutinar for å førebygge sjukdom, skade og liding (SogFj). Når det gjeld vedtaksoppfølging av fylkestingsvedtak 15. og 16.12.20 om Vestland vil bli leiande i arbeidet med å førebyggje ulukker på sjøen, vil innsats knytt til skader og ulukker gå inn under innsatsområde gode, trygge og deltakande nærmiljø/lokalsamfunn. Oversikt over målstruktur med forslag til prioriterte delmål ligg i vedlegg 1.

### 4) Prioritere strategiske innsatsområde som gjennomgåande tema for tiltaksutviklinga.

Forslag til innsatsområde for målretta tiltaksutvikling:

- Kunnskapsbasert folkehelsearbeid
- Sosial ulikskap i helse
- Gode, trygge og deltakande nærmiljø/lokalsamfunn
- Dei demografiske endringane i Vestland og ei aldrande befolkning
- Barn og unge - livskvalitet og (psykisk) helse

Fylkesrådmannen vurderer at gevinstane for folkehelsearbeidet kan bli størst ved å målrette utviklinga av tiltak innanfor dei utvalde delmåla til fem innsatsområde. Forslaget om dette er lagt fram for Folkehelseforum Vestland den 12.05 med tilslutnad til desse vegvala.

Innsatsområda går dels over i kvarandre, men kunnskapsbasert folkehelsearbeid og sosial ulikskap i helse er meir overbyggande. Dei styrka innsatsområda er tett kopla til både temaområde i planane og til fleire mål i folkehelseplanane.

#### Grunngjeving for val av innsatsområda

Kunnskapsbasert folkehelsearbeid er målområde i begge dei regionale folkehelseplanane. God og oppdatert kunnskap om utfordringar og utviklingstrekk er naudsynt for å målrette satsingar, finne gode løysingar og metodar knytt til dei utfordringane vi ser for Vestland. Her ligg også eit utviklingspotensiale for betre systematisk samla tilnærming og samarbeid i fylket.

Sosial ulikskap i helse er målområde i begge planane, er prioritert i utviklingsplanen, og er i tråd med berekraftsmål nr.10. Kunnskapsgrunnlaget for fylket syner aukande økonomisk ulikskap, spesielt hos dei yngste. Utdanningsforskjellar i forventade levealder har også auka meir i Vestland enn i Norge over tid. Vi erfarer at det er større skilnader mellom menneske med nedsett funksjonsevne og innvandrarar, samanlikna med majoritetsbefolkninga. Fleire av utviklingstrekkene er nasjonale og kan ikkje løyast lokalt. Men det er trong for å betre den systematiske måten vi arbeider på med dette innsatsfeltet i Vestland, og sjå meir på kva verkemiddel vi kan ta i bruk lokalt.

Gode, trygge og deltakande nærmiljø/lokalsamfunn. Gode nærmiljø er mål i begge planane, og er innsatsområde i utviklingsplanen. Dette er tema som inneheld mykje. Det er mange måtar å nærme seg utfordringsbildet på. Trivsel i nærmiljøet er viktig for folk. Velfungerande og gode nærmiljø og lokalsamfunn er også «navet» der andre strukturar og interaksjonar spelar seg ut. Sterk befolkningsvekst, fortetting og utbygging i nokre område, og fråflytting og spreidd busetnad i andre område, gjer også dette komplekst.

Dei demografiske endringane i Vestland, og ei aldrande befolkning. Uavhengig av målområde, så handlar dette om befolkningsgrunnlaget vårt. Ei aldrande befolkning er ikkje målområde i folkehelseplanane, men blir trekt fram i utviklingsplan og folkehelseoversikt. Utviklinga kjem til å

påverke kommunane si planlegging, bustadbygging og økonomi i stor grad framover. Innsats som er eit gode for éi befolkningsgruppe, kan og vere bra for ei anna gruppe. Det treng soleis ikkje å vere nokon konflikt i at vi aukar merksemda på eldre. Det kan bli vanskeleg å lukkast med andre målsettingar, om vi ikkje også tar høgde for desse utviklingstrekk.

Barn og unge - livskvalitet og (psykisk) helse. Er forankra i folkehelseplanane, og viktige funn frå undersøking av konsekvensane av korona. Innsats retta mot barn og unge er også eit satsingsområde gjennom program for folkehelsearbeid i kommunane. Utviklingstrekk er noko ulike på tvers av aldersgrupper, kjønn og regionar og gir dermed ikkje eit eintydig bilde. Den samla utviklinga gir grunn for ekstra merksemd. Det er mykje vi ikkje i dag ser av samanhengar, i tillegg til at vi ikkje er flinke nok i dag til å planlegge for god psykisk helse og livskvalitet. Effektane vi ser av koronapandemien forsterkar dette bildet.

**Til drøfting:**

**Støttar fylkesutvalet prioriteringane av fem innsatsområde som gjennomgåande satsingar i tiltaksutviklinga? Kunnskapsbasert folkehelsearbeid, Sosial ulikskap i helse, Gode, trygge og deltakande nærmiljø/lokalsamfunn, Dei demografiske endringane i Vestland og ei aldrande befolkning, Barn og unge - livskvalitet og (psykisk) helse.**

**Vedtakskompetanse**

Fylkesutvalet har prosessrolla til planutvalet, jf. vedtak i fylkestinget (PS 111/2020).

**Vurderingar og verknader**

Økonomi: Vurderingar knytt til budsjett/økonomi kjem når tiltaka er utforma.

Klima: God kopling mellom folkehelse og klima.

Folkehelse: Handlingsprogrammet skal styrke det strategiske folkehelsearbeidet i Vestland.

Utviklingsplan for Vestland: Tiltaket er ei oppfølging av utviklingsplanen og regionale planar for folkehelse, og skal bidra til å setje retning for utviklinga i Vestland på folkehelsefeltet.

**Konklusjon**

Saka skal gi fylkesrådmannen vidare retning for arbeidet med utvikling av handlingsprogram for folkehelse. Saksframlegget viser kor breie satsingar som ligg til grunn for folkehelsearbeidet i Vestland. Ulike fylkeskommunale avdelingar har mange og gode verkemiddel. Det er eit godt potensiale for utvikling av samarbeid om folkehelseiltak i fylket - både internt og eksternt.

Handlingsprogram for folkehelse 2022-2025 er eit godt verktøy for å styrke dei samla folkehelsesatsingane i fylket. Dette gjennom å målrette kunnskapsutvikling og samarbeid - og finne fram til innsatsar der kunnskapsgrunnlaget peikar på trong for styrka felles innsats.

Vedlegg 1: Oversikt over målstruktur.